

Soknerådsmøte i Moster

tysdag 18.02. 2020 kl.19.00.

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Camilla Rubach, Per Harald Gjerde, Heidi Torkelsen Fagervik, Gerda Bondø, Christian Kallevåg Bjerke og Aksel Lygre.

Sak 06 – 2020 Godkjenning av møtebok frå 14.01.20 og av innkalling.

Møtebok og innkalling godkjend

Sak 07 – 2020 Årsrekneskap og rekneskap 4.kvartal.

Sjå vedlegg.

Vedtak: Soknerådet tek rekneskapsrapportane til vitande, og legg årsrekneskapen inn i årsmeldinga. I komande rekneskap, både kvartalsrapport- og årsrekneskap, bed soknerådet om at inntekter og utgifter for orgelkomiteen vert spesifisert.

Sak 08 – 2020 Oppfølging av tidlegare saker.

Medlemmer til diakoninemnda og trusopplæringsutvalet:

Diakoninemnda er godt dekkja med medarbeidarar. I trusopplæringsutvalet er det framleis litt for få medarbeidarar.

Rekneskap: Vedtak: 151 kroner vert overført frå disposisjonsfond til dekking av underskot i rekneskapen, basert på årsrekneskapen for 2019.

Sak 09 – 2020 Årsmelding

Me såg over endringar i tekst. Me gjekk gjennom oppsummering av innsatsområde og målsettingar i 2019.

Vedtak: Årsmeldinga vert godkjend med endringane som vart gjort. For neste årsmelding bed me utvala om å komme med konkrete mål for 2021.

Sak 10 – 2020 Oppfølging etter møtet med tilsette 14.01.:

Fylgjande punkt krev konkret oppfølging:

- Dagar/kveldar med høgtlesing frå Bibelen – soknerådet bestemmer datoar og tekstar
Soknerådet gir Aksel ansvaret for dette.
- Temakveld til Håvik eller Foldrøy:
Soknerådet går inn for temakveldar skiftesvis Håvik, Foldrøy haust og vår. Oppstart hausten 2020
- Musikalske og andre innslag i julegudstenester – me kallar inn kyrkjemusikalsk utval i mai.
- Attkjennelege salmer og musikalske innslag ved dåp – prest og organist tek ansvar
- Namn på dåpsborna i eigen slide.
- Heimesidene til kyrkja må vere korrekte og me må sende stoff. Kven får ansvar for å sende stoff? Soknerådet kjem attende til dette.

Sak 11 – 2020 Soknerådet invitert å stå som medlem i Sunnhordland prostiråd.

Gunnvald hadde ei kort orientering.

Vedtak; Moster sokneråd melder seg inn i Sunnhordland prostiråd.

Sak 12 – 2020 Måling og anna vedlikehald av Moster kyrkje.

Orientering om forslag til synfaring og framgangsmåte frå kyrkjevevja. Kort orientering frå AU.

Vedtak: Soknerådet går inn for kyrkjevevja sitt forslag: Synfaring med fellesrådsleiar og kyrkjevevje og representantar frå soknerådet, for å avdekkje arbeidsomfanget. Deretter må det lysast ut til anbod. Soknerådet ynskjer å gjere merksam på at jobben vert gjennomført utan å ta omsyn til budsjettposten som Fellesrådet har til vedlikehald.

Sak 13 – 2020 6 kyrkjevertar til dugnadskonsert 22.mars.

Info ved medlemmer av orgelkomité.

Vedtak: Soknerådet tek ansvaret for at 6 kyrkjevertar stiller. Namna vert formidla til Mona.

Sak 14 – 2020 Fasteaksjonen

Aksel, Camilla og Elin vil ha eit møte om det praktiske i forkant.

Sak 15 – 2020 Referat og meldingar

- **Samrådsmøte**
- **Orgelkomiteen**
- **Frå fellesrådet**
- **Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre.**
 - **Teaterframsyning 16.04. kl.19:00 i kyrkja.**

Sak 16-2020 Sal av Cembalo

Vedtak: Soknerådet går inn for at Cembaloen vert lagt ut for sal, og at vår andel av inntektene går til nytt orgel i Moster kyrkje.

Per Harald Gjerde
Skrivar